

Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 13. april 2010.

Tilstades: Regionordførar Anne-Nora Oma Dahle, Arne Vinje, Torstein Tveito, Solveig S. Abrahamsen, Bjørn Nome, Olav Urbø, Sverre Sæter, Hans Kristian Lehmann, Hans Bakke, Per Dehli, Ketil Kiland, Therese Hauger og sekretær Kjell Gunnar Heggnes.

Møteinnkallinga vart godkjent utan merknader.

Saklista vart godkjent med fylgjande tilleggssaker under ymse:

- Felles uttale fylkesvegplan
- Kollektivtrafikkavtale, orientering
- Folkeuniversitetet, avd. i Seljord
- Ressurskrevande brukarar
- Samordning av attføringstilboda i regionen

Fylkesrådmann Rolf - Helge Grønås var tilstades og informerte kort om kommuneundersøkinga. Han vil kome attende til nærare presentasjon på eit komande rådsmøte. Tilstades var også Jon Skriubakken som er nytilsett utviklingssjef i fylkeskommunen.

Sak 24/2010 Referat frå rådsmøte 16. mars 2010.

Vedtak: Referat frå rådsmøte 16. mars 2010 vert godkjent utan merknader.

Sak 25/2010 IKT i Vest-Telemark

Ole Dalen frå Vest-Telemark Næringsutvikling var tilstades og orienterte nærare om saken. Det er lagt viktige føringar for IKT-samarbeid i det nasjonale dokumentet *E-kommune 2012* som er utarbeidd i KS-regi, og regionen er i dag med i eit IKT-samarbeid mellom dei 4 kommune-regionane i fylket. Breibandutbygginga i regionen er eit viktig grunnlag for samarbeid og vidare utvikling.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande og viser til tidlegare vedtak i om å sette i gang eit arbeid med å definere nye strategiar, arbeidsmåtar og samarbeidsområde. Med utgangspunkt i dette får rådmannsutvalet saman med Kjell Gunnar Heggnes/Ole Dalen i oppdrag å arbeide vidare med saken og legge fram forslag til IKT-strategi på eit seinare rådsmøte.

Sak 26/2010 Pilgrimsvandring 2. – 3. juni 2010.

På bakgrunn av tidlegare vedtak om rådsmøte/pilgrimsvandring 2. – 3. juni orienterte regionrådsleiar nærare om førebuinga til møtet. Rådsmøtet vil finne stad på Haukelisæter 2. juni med overnatting og pilgrimsvandring/orientering i Røldal neste dag.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Sak 27/2010 Målsak, identitet. Orientering v/Håvard B. Øvregård og Einar Leiv Søreide, Noregs Mållag.

Einar Leiv Søreide orienterte innleiingsvis om bakgrunnen for saken.

Håvard B. Øvregård som er leiar i Noregs Mållag, informerte nærare om mållagets arbeid. Det vert arbeidd for å fremje nynorsk på alle område i det norske samfunnet. Alle skal fritt kunne nytte dialekt, og ein arbeider for at folk i bygd og by skal ta i bruk det nynorske skriftmålet. Mellom anna er barnehagane og skulane viktige arenaer i høve til målbruken.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringane til vitande.

Sak 28/2010 Ymse.Pasientreiser.

Olav Urbø orienterte om erfaringane etter at dei økonomiske oppgjera vart overført frå NAV til *Pasientreiser*, og vanskane mange personar har i samband med oppgjjer/refusjonar for sjukehusreiser.

Det nye opplegget har ført til at mange rett og slett gjev opp sine rettmessige refusjonskrav ut frå at dei ikkje beherskar den "nye måten".

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande og gjev rådmannsutvalet i oppdrag å fylgje opp saken med tanke på tilrettelegging/naudsynete endringar slik at alle på rimeleg måte kan få dei refusjonar dei har krav på i høve til pasientreiser.

Folkeuniversitet, avd i Seljord.

Per Dehli orienterte om Folkeuniversitetets avdeling i Seljord, der ein ved hjelp av moderne videokonferanse-utstyr tilbyr utdanning "der du bur".

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Felles uttale til fylkesvegplanen.

Det ligg no føre høyringsutkast til fylkevegplan for Telemark gjeldande perioden 2011 – 2014. Høyringsfrist er sett til 23. april 2010.

Vedtak: Regionrådsleiar får i oppdrag å lage forslag til uttale som sendast ordførarane til godkjenning.

Kollektivtrafikkavtale, orientering.

Saken gjeld fornying av avtaler i samband med kollektivtransport i distrikta, og regionrådsleiar orienterte kort frå den politiske handsaminga i fylkeskommunen.

Eendeleg handsaming vil skje i Fylkestinget 29. april 2010.

Vedtak: Orienteringa takast til vitande.

Ressurskrevande brukarar.

Anne Nora Oma Dahle orienterte om endringar i regelverket for refusjon gjeldande krevande brukarar. Refusjonen utgjer ein viktig del av dei frie inntektene i kommunane og er i løpet av få år redusert frå 96 % til 80 %.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande og ber kvar enkelt kommune signalisere denne problemstillinga til dei sentrale myndigheitene.

Samordning av attføringstilboda i regionen.

Bjørn Nome viste til at det no ligg føre rapport frå arbeidsgruppe nedsett av styra i attføringsverksemdene i regionen.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet vil be om ei nærare orientering om saken på komande rådsmøte.

Referent: Kjell Gunnar Heggnes